

Erling Kleiveland  
Kleiveland  
5284 Tyssebotnen



Hordaland fylkeskommune  
Kultur og idrettsavdelinga  
Ref.: 2014/13974-26  
PB 7900  
5020 Bergen

**Endeleg rapport vedr. jordkjellar, røykehus, gnr 106, bnr 6 Kleiveland – Osterøy kommune.  
Tilskot til vern og vøling av kulturminne 2014, sak 50/14.**

Då er eg ferdig med utbetring av jordkjellaren. Det som er gjort er:

- Murane som var skada, er retta opp.
- Det er grave grøft og lagt drenerør, fiberduk og singel frå jordkjellaren til eksisterande grøft (ca. 30 meter).
- Har støypt fundament/golv i inngongspartiet over grøft samt grave noko jord vekk og støypt fundament under og på innsida av murana inne i jordkjellaren.
- Har teke opp hellene inne i jordkjellaren, lagt eit lag med singel, lagt på att hellene og så støypt mellom hellene i golvet og dermed laga tett golv.
- Har fylt i småstein og fuga veggene inne i jordkjellaren.
- Har fått laga ny karm og dør (snekker frå Byggmester Sverre Bernes)
- Har laga støttemurar på sidene, ca. 2 meter inn mot inngangen til jordkjellaren

Det tok såpass lang tid å vente på gravemaskin, at eg valde å grave grøfta for hand. Fekk retta opp murane med bruk av fleire jekkar og støtter og med god hjelp av svogeren min som er vant med slikt arbeid. Har lagt dreneringsrør, fiberduk og pukk/oppsettmasse i grøft og underlag for hellene inne i jordkjellaren. Materialar til karm og dør er av ala furu og kjøpt hjå Solberg sagbruk. Ny karm og dør er laga og på plass.

Arbeidet har gått etter planen i søknaden med unntak av bruk av gravemaskin. Dette er eg i dag er glad for at ikkje vart nytta då denne lett kunne ha gjort skade på dei store takhellene noko som kunne ført til lekkasje.

**Rekneskap**

Har hatt desse utgiftene som er betalt:

- |   |            |
|---|------------|
| • Kjøpt singel til grøft (Oster Transport og Entrep.forr. AS) | kr 4 287,- |
| • Kjøpt fiberduk og drenerør (XL-Bygg Osterøy AS)             | kr 1 608,- |
| • Kjøpt sement, murpuss og armering (XL-Bygg Osterøy AS)      | kr 1 793,- |
| • Kjøpt materialar til karm og dør (Solberg sagbruk)          | kr 1 320,- |
| • Arbeid karm/dør (Byggmester Sverre Bernes AS)               | kr 5 210,- |

• Kjøpt hengsle til dør (Jon Solberg AS)	kr 312,-
• Kjøpt lår til dør (Låsgruppen AS)	<u>kr 580,-</u>
Sum utlegg	<u>kr 15 110</u>

Det gjekk med noko meir timar til arbeidet enn tenkt. Til saman er det gått med 180 arbeidstimar. Dersom eg reknar kr 200 per time, utgjer arbeidet  
kr 200 x 180 timar = kr 36 000

Eg er godt nøgd med sluttresultatet og vil takke Hordaland fylkeskommune for tilskotet. Utan det og tidsfristane for arbeidet, hadde truleg ikkje arbeidet vorte gjort.

Eg ber om at tilskotsummen på kr 10 000 ver sett inn på min bankkonto 6504 1105 261.

Kleiveland, 14.11. 2014

Helsing

  
Erling Kleiveland

Vedlegg: 6 foto